

Ringen blei slutta



HEIDRA: Eli-Jorun Tangeraas (til høgre) blei torsdag i førre veke kåra til «Årets kvinne» av den lokale Zonta-foreininga. Prisen, som blei delt ut av lokallagsleiar Marit Helen Hølland, består av eit kunstverk signert saudakunstnaren Karin Sunders.

Fjorten år etter at mor hennar, Else Tangeraas, mottok den same utmerkinga blei ei tydeleg rørt Eli-Jorun Tangeraas heidra som «Årets kvinne».

■ TORE BASTLIEN DAHL

– Eg veit ikkje heilt kva eg har gjort for å fortæna dette, men eg er utruvaksam. Det betyr mykje for meg personleg, særleg sidan mor mi fekk den same prisen tilbake i 2001. Om eg skal vera heilt ærleg har det vel faktisk ikkje heilt gått

opp for meg ennå, så det tar nok ei tid før eg landar etter dette, seier Eli-Jorun Tangeraas.

Føregangskvinne

Under ei tilstelling på Sauda vidaregåande skule førre torsdag, blei Tangeraas heidra som «Årets kvinne» av Sauda og omegn Zontaklubb. Som eit bevis på anerkjeninga mottok ho Ingeborgprisen, ein pris som blei delt ut første gong i 2001, då til mor til Eli-Jorun, Else Tangeraas.

Prisen er oppkalla etter saudakvinna Ingeborg Søndena som kørte hest og kjerre mellom sinkgruvene i Almannajuvet og Sønnåhavn på slutten av 1800-

talet. Søndena har sidan blitt løfta fram som ei føregangskvinne og ei inspirasjonskjelde for seinare generasjonar av den lokale Zontaforeininga.

Ærleg og direkte

Blant kriteria for å kunna motta Ingeborgprisen er at personen skal ha markert seg i lokalmiljøet, vist samfunnsengasjement, og med dette vore eit forebilde for andre kvinner. I grunngevinga for årets pristildeling trekte leiar av Sauda og omegn Zontaklubb, Marit Helen Hølland, mellom anna fram Eli-Jorun Tangeraas sitt store engasjement og bidrag til det lokale musikklivet som avgjerande faktorar.

– Årets prisvinnar har eit breitt engasjement og har ein finger med i mykje av det som skjer i det lokale kulturlivet. Ho har evna til å få folk til å føla seg vel og får fram det beste i andre. Samstundes er ho ærleg og direkte i sine tilbakemeldingar, framhevar Marit Helen Hølland.

– Ein draum

Tangeraas sjølv føler seg æra over å motta det ho beskriv som ein heilt spesiell pris. I takketalen la ho vekt på at mange av dei tidlegare vinnarane av prisen har vore sterke og markante kvinner, og at ho er stolt over å bli sett i samband med desse.

– Det er store kvinner som har mottatt denne utmerkinga tidlegare. Då eg fekk beskjeden om at eg var «Årets kvinne» blei eg heilt overvelda. Eg blei rett og slett sett ut og lurte fleire gonger på om dette var ein draum, innrømmer prisvin-

naren spøkefullt.

Særleg er ho stolt over at juryen i si grunngeving for valet av årets prisvinnar la vekt på eit mantra som står sterk i Eli-Jorun Tangeraas sitt arbeid. Nemleg evna til å sjå og realisera potensiale i menneske.

– Når eg underviser i til dømes piano, er dette ein av spelereglane eg følger. Eg ønsker å få ut det beste i kvar enkelt, då er det kjekt at folk legg merke til dette, poengterer ho.

Breitt engasjement

Eli-Jorun Tangeraas arbeider til dagleg som rektor i kulturskulen i Sauda kommune. Sjølv om musikk og kultur er ein stor del av arbeidskvardagen hennar har ho evna å engasjera seg i kulturlivet også utanom jobben. Som tidlegare dirigent i Sauda Mannskor og

nåverande dirigent i blandakoret Trøkk, i tillegg til hennar store bidrag innan korpsmusikken, har ho bidratt til mange minneverdige augneblink på den lokale kulturscena.

49-åringen har òg engasjert seg politisk gjennom sine verv i Sosialistisk Venstreparti og er mellom anna fast representant i kommunestyret i inneverande valperiode.

Leiaren i Zonta-klubben beskriv elles Eli-Jorun Tangeraas som eit ja-menneske som bidrar med positivitet og engasjement til samfunnet rundt ho.

– Faktorar som gjer ho til ein verdig prisvinnar, peikar Marit Helen Hølland på.

tore@ryfylke.net



ØRT: Prisivinnaren sleit med å halda tårene tilbake då ho fekk overrekk utmerkinga.